



Røysterett for alle har hatt eit godt år. Her syng koret i Aktivitetshuset 23. april og dirigent er Turid Anne Ruste.

Røysterett for alle har hatt årsmøte på Bringedalsbygda skule og attvald Lars Henrik Skogtun som leiar for eitt år. Ved utgangen av 2006 hadde det populære koret 39 medlemmer etter å ha fått tre nye det siste året: Tor Eik, Oskar Langballe og Eva Haugland. Ei viktig hending i 2006 var at Maria Malmsten avløyste Turid Anne Ruste som dirigent frå hausten.

Torsdag er den faste øvingsdagen og Bringedalsbygda skule har vore øvingsstad etter at Malmsten tok over – på grunn av at ho dermed får kortare reisetid frå og til Stord. Koret hadde den tradisjonelle årsfesten sin i Helgheim i februar.

I 2006 var koret med i mange konsertar og andre tilstelningar og her er eitt utdrag:

- * Nyttårskonsert i Åkra kyrkje.
- * Musikalsk Vårsprett i Aktivitetshuset i Uskedalen. 250 møtte fram!
- * 17.mai-song i kyrkja, Omvikdalen skule, Bringedalsbygda skule og Aktivitetshuset i Uskedalen..
- * Blåtur til Fjellandsbø.
- * Jakob Sandes 100-årsjubileum på Husnes. Koret gjorde spesielt stor lykke med "Då Daniel drog" med tilhøyrande tablå.
- * Song på Valen sjukehus i høve overrkinga av Kongens gull til Tjerand Lunde.
- * Lokalt songarstevne med deltaking av åtte kor på Husnes. Koret gjorde stor lukke med Beatles i Kulturhuset om kvelden.

Dei som sit i styret for koret no er i tillegg til Skogtun Steinar Naterstad, Anne Bogegård, Venke Vetrhus (ny) og Oddveig Røyrvik (ny). Kjell Sigbjørn Røssland og Sidsel Stigum gjekk ut. Kåre Vetrhus og Randi Pettersen er varamedlemmer.

I repertoarnemnda sit Jan Ove Olsen, Brit Helen Hauan, Oddbjørg Bjørke og Sylvi Hjelmeland.

Økonominemnda består av Anne Jorun Brakstad, Berit Wang Huse, Randi Ljosnes, Erna Ljosnes og Brit Halleraker.

Kirsten Rød fekk med seg Sidsel Stigum og Jostein Grov i uniformkomiteen.

Skrivaren fekk ei ny oppgåve under årsmøtet: Å samla inn det media skriv om koret.

Av Ola Matti Mathisen



Medlemmene av Røysrett for alle hadde også mykje moro i fjor. Dette er eit bilete frå årsfesten på Helgheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)